

BILLETTPRISAR

- Kulturkveld og konsert på Bergtun fredag: Kr. 250,- / 100,- u. 14 år
- Ungdomsarrangement på Prestodden: Gratis
- Inngang i Kyrkjeparken laurdag: Kr. 100,- / Kr. 50,- u. 14 år / Gratis u. 3 år
- Dansefest på Prestodden laurdag: Kr. 300,- (Aldersgrense 18 år)

FØREHANDSSAL AV BILLETTAR / PÅMELDING TIL KONKURRANSAR

Hjartdal Frivilligsentral; bygdesentralen@hjartdalsbygda.no

Lise Djupedal, tlf. 35024868 / 48237791, Agnes Langåsdaalen tlf. 45453214

Jon Bekkhus (berre slåtten), tlf. 90024927

NB: Påmelding til slåttekonkurransen må skje innan 10. juni.

Deltakarakaravgift: Kr. 200,- inkl. slåttegraut.

Meir info: www.slaattefestivalen.no

Påmelding til seminar

Påmelding til seminar må skje innan 15. mai.

Kulturlandskapsenteret; post@kulturlandskapsenteret.no

Ingvill Marit Buen Garnås, tlf. 97187758

Meir info: www.kulturlandskapsenteret.no


OVERNATTING

Treng du overnatting, kan du få tips hjå Bygdesentralen/Hjartdal Frivilligsentral,

tlf. 35024868 / 48237791, e-post bygdesentralen@hjartdalsbygda.no

Eller gå inn på desse nettsidene: www.hjartdalsbygda.no og/eller www.telegardar.no

FINNE FRAM



Hjartdal kommune femner om dei tre bygdene Hjartdal, Sauland og Tuddal. Slåttefestivalen føregår i bygda Hjartdal, 2 mil vest for kommunesenteret Sauland og 2 mil aust for Seljord.

Kyrkja og Kyrkjeparken ligg i Nordbygda i Hjartdal, følg skilt frå E 134.

Ein tek atterhald om mindre endringar i programmet.

Slåttefestivalen



SLÅTTEFESTIVALEN

Hjartdal 17.-18. juni '11

Slåttetevling og NM i Ijåslått

www.slaattefestivalen.no



Ann Kristin
Aafedt Flatland



Opnar Ann Kristin Aafedt Flatland

STY m. Unni Boksasp, Sigbjørn Rua og Per Anders Buen Garnås,

Heilt Nils, Gjetord m. Sarah Nagell, Ellen Marie Tangen

og Magnhild Berge, Mogeno, STAUT

Marknad med handverk og gardsmat

Kunstutstilling med Aasne Slåttelid

Temautstillingar, m.a. "Ut i mark og eng - Kulturlandskap i skulen"

Seminar 16.-19. juni: Kultur, natur og opplevingar,

i høve Nordisk Kulturlandskapsforbund sitt 25-årsjubileum

Fredag 17. juni Konferansierar: **Ann Kristin Aafedt Flatland** og **Sven Tore Løkslid**

- Kl. 19.00 Kulturkveld på Bergtun. Startar presis. Kom i god tid!
- Opning ved **Ann Kristin Aafedt Flatland**
- **STY**. Tinnbasert program med Unni Boksasp, Sigbjørn Rua og Per Anders Buen Garnås. Kveding, spel og sprek dans.
- **Heilt Nils**. Revygruppa frå Notodden kjem med nye spark i aust og vest
- Ca. 22.30 Slåttepub på Bergtun
- Kl. 19.00 Rusfritt ungdomsarrangement på Prestodden (8. kl. året '10/'11 og oppover)

Laurdag 18. juni Konferansier: **Halvor Flatland**

- Kl. 10.00 Opning av slåttedagen i Kyrkjeparken. Info for dagen.
- - - Slåttetevling og NM i ljàslått
- Speaker: Jon Svartdal
- Kl. 12.00 Underhaldning frå scena med folkemusikktrioen **Gjetord**, lokale innslag, utdeling av prisar m.m.
- Kl. 14.00 **Mogeno** Magi og moro for små og store
- - - **Slåttemarknad** m. lokalt handverk, husflid, mat og aktivitetar for born
- - - **Ljosbiletserie og temautstilling** i Prestegardslåven
- - - **Kunstutstilling** i Gamleskulen;
Valmuer i solskin, svarthyll i regn. Aasne Slåttelid.
- ca. 15.30 Avslutning frå scena, utdeling av premiar m.m. (mellom kl. 15.00-16.00)
- Kl. 20.00 Dansefest på Prestodden.
STAUT går på scena litt utpå kvelden.

PROSJEKT KULTURLANDSKAP

Fleirårig samarbeid mellom Slåttefestivalen, Kulturlandskapsenteret og Norsk Kulturarv delvis på midlar frå Landbruks- og matdepartementet.

Kulturlandskapsenteret står i år for flg. programpostar:

- Ljosbiletserien "Ut i mark og eng - Kulturlandskap i skulen" (Prestegardslåven)
- Temautstillinga "Slåtteenga. I går - i dag - i morgon" (Prestegardslåven)
- Seminaret "Kultur, natur og opplevingar!" med utferder i Seljord, Hjartdal, Tinn og Notodden. Samarbeid med Nordisk Kulturlandskapsforbund. Krev påmelding, sjå siste side.

Felles satsingsområde i det vidare er born og unge, samt dokumentasjon og vidareføring av handlingsboren kunnskap kring slåtten i seg sjølv, og handverket knytt til reiskapen.

Slåttetevling / NM I LJÅSLÅTT

I 2011 er det femte året for NM i ljàslått!
Det er egne klasser for stuttljå og langljå, kvinner og menn og nær sagt alle aldrar:
Nytt av året er eiga rekruttklasse for aldersgruppa 7-12 år.
Alle tevlar på kvar sin tilmåla teig. Domarane ser på tid og utføring.
Meir utførlege reglar og kriterie for døming finn de på www.slaattefestivalen.no.
Påmelding til slåttekonkurransen må skje innan 10. juni, sjå siste side.
Deltakaravgift er kr. 200,-. Dette inkluderer slåttegraut.
Alle får flotte premiar, i år laga av Ambros Langåsdalen.

ARTISTAR OG GJESTER

Ann Kristin Aafedt Flatland Nybaka verdsmeister i skiskyting med sterke band til Hjartdal / **STY** er eit tinndølsuttrykk for dansefest. Og fest blir det når **Unni Boksasp** saman med **Sigbjørn Rua** og **Per Anders Buen Garnås** presenterer song, dans og spel frå Tinn og traktene i kring. Dei er alle landskappleiksvinnarar, Sigbjørn er òg kjend frå Frikar og Unni har ein fersk spelemanspris for det nordmørske albumet Keramello. / **Heilt Nils** Kjær og kjend revygruppe frå Notodden / **Gjetord** Frå Solia i Østerdalen kjem gardbrukar **Ellen Marie Tangen** i møte med svigerdotter si, amerikanske **Sarah Nagell**, no busett i Bondal i Tuddal. Saman med **Maghnild Berge** har dei dukka ned i skattekista av folketonar knytt til gardsdrift og seterliv / **Mogeno** Notoddens unge og suksessrike magikar, komikar, imitator og buktalar / **Staut** Kritikarrost folkerockband frå Valdres med m.a. 11 veker på VG-lista. Spelar akustisk folkrock med element av folkemusikk, roots og pop. Er på kort tid blitt eitt av Noregs mest ettertrakta liveband og opna m.a. Spelemansprisshowet i vår. **Aasne Slåttelid** Kunstnar oppvaksten i Hjartdal og Gamleskulen (!), heilt på heimebane med måleri og akvarellar / **Jon Svartdal**: Us-liteleg pratmakar frå grannebygda.

SAMARBEIDSPARTNARAR / SPONSORAR

